



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
Bergen


22. mars 2024

Tilsynsrapport

Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre at eksamen blir
gjennomført

Vestland fylkeskommune

Sak 2023/17060



Innhald

1	Samandrag	1
2	Innleiing.....	1
3	Kort om Vestland fylkeskommune	1
4	Gjennomføring av eksamen i vidaregåande opplæring	2
4.1	Rettslege krav	2
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	4
5	Vi avsluttar tilsynet.....	15



1 Samandrag

Tema for tilsynet er fylkeskommunen sitt ansvar for gjennomføring av eksamen. Vi har funne at fylkeskommunen sin praksis på dette området er i tråd med krava i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar i tilsynet.

2 Innleiing

Vi fører tilsyn med fylkeskommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. I tilsyn kontrollerer vi om fylkeskommunen følgjer regelverket i opplæringslova.

Tilsyna våre er utøving av offentleg myndighet. Det gjer at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandler vi personopplysningiar. Les meir om behandlinga vår av personopplysningiar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Vi opna tilsynet 22. november 2023. Vi har fått nok informasjon til å gjennomføre tilsynet.

3 Kort om Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune er skuleeigar av 42 offentlege vidaregåande skular i Vestland fylke. I tillegg er det 14 private vidaregåande skular i fylket. Skuleåret 2023-24 er det 18828 elevar i dei offentlege vidaregåande skulane, og 3078 elevar i dei private skulane.

Fylkeskommunen er administrativt inndelt med åtte avdelingsdirektørar under fylkesdirektøren. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har mellom anna ansvar for å tilby vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne i Vestland. Fylkeskommunen har sendt oss organisasjonskart for avdeling for opplæring og kompetanse. Avdelinga har ein avdelingsdirektør og ein stab. Vidare har avdelinga ein assisterande avdelingsdirektør som har tre fagseksjonar under seg i linja. Oppgåvene med eksamen ligg til seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering.

Fylkeskommunen har ei administrativ delegeringsmatrise. Denne viser til at der forskrift til opplæringslova plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærmere spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har Fylkesdirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen.

Vidare har fylkeskommunen eit reglement for vidaredelegering av mynde etter forskrift til opplæringslova. Her er rektor delegert mynde til å trekke elevar til alle eksamenar, og for gjennomføringa av eksamen for elevar og privatistar.

4 Gjennomføring av eksamen i vidaregåande opplæring

4.1 Rettslege krav

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkeskommunen har ansvar for at krava i opplæringslova, privatskulelova og forskriftene til lovne blir oppfylt. Fylkeskommunen må stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne bli oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10. Dette inneber at fylkeskommunen må gjere den nødvendige analysen av situasjonen, og få til den interne kommunikasjonen og rapporteringa mellom ansvars- og vedtaksnivåa som må til for å kunne oppfylle dei pliktene dei er pålagt, jf. Ot.prp. nr. 67 (2002-2003).

Det er fylkeskommunen sitt ansvar å gjennomføre alle eksamenar ved offentlege og private vidaregåande skular, jf. forskrift til opplæringslova § 3-23 tredje ledd og forskrift til privatskulelova § 3-23 tredje ledd.

Melde til eksamen

Skulen skal melde til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i fag som blir avslutta med eksamen, sjá forskrift til opplæringslova § 3-24. Fylkeskommunen må sikre at skulane melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa som blir avslutta med eksamen. Kva elevar skulane skal melde til eksamen, blir avgjort ved trekk av elevar, eller det kan vere fastsett i læreplanen at alle elevane skal ha eksamen i faget. Dersom elevane blir trekt ut, skal trekket vere kjend for elevane 48 timer før sjølve eksamen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-26.

Utdanningsdirektoratet skriv dato for kunngjering av trekk i eksamensplanen. For sentralt gitt skriftleg eksamen blir det gjort 48 timer før første eksamensdag (verkedagar). Dette betyr at trekket i utgangspunktet skal vere kjend for elevane 48 timer før sjølve eksamen, men i visse tilfelle kan ein rekne seg ut til det ut frå fagkombinasjonen sin.

Hjelpemiddel

Dei som er ansvarlege for å utarbeide eksamen, avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva hjelpemiddel som er tillatte i dei enkelte faga, jf. forskrift til opplæringslova § 3-23. Det er fylkeskommunen som skal sikre at alle elevar, vaksne deltakrar og privatistar har tilgang til dei nettbaserte hjelpemidla som finns på den samla oversikta for alle fylkeskommunane. Fylkeskommunen skal formidle den samla oversikta til skuleleiinga i god tid før eksamen. Fylkeskommunen skal sørge for at dei nettbaserte hjelpemidla ikkje opnar for moglegheit til kommunikasjon, og at kandidatane ikkje har open tilgang til internett. Ordbøker skal ikkje ha moglegheit til omsetjing av frasar eller heile setningar. Dersom fylkeskommunen eller skulen ikkje varetok føringane for nettbaserte hjelpemiddel, kan det bli rekna som formell feil under eksamengjennomføringa. Utdanningsdirektoratet kan i så fall annullere eksamen, sjá § 3-34 i forskrift til opplæringslova. Dersom fylkeskommunen i forkant av eksamen er kjend med at nettilgangen under eksamen vil vere svært dårlig, eller at dei ikkje kan hindre tilgang til ope internett, bør dei sørge for ei reserveløsing. Dette kan til dømes vere å legge hjelpemidla

offline. Hjelpermidla må vere i samsvar med føringar gitt av Utdanningsdirektoratet, sjå [Nasjonale føringer for nettbaserte hjelpermidler til eksamen i videregående \(udir.no\)](#).

Tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen

Fylkeskommunen må sikre at eksamensforma og varigheita på eksamen er i tråd med det Utdanningsdirektoratet har fastsett, sjå forskrift til opplæringslova § 3-25 andre ledd siste setning.

Når det blir gitt føringar for utvida tid eller liknande under eksamen for å avhjelpe uføresette hendingar som har oppstått, må fylkeskommunen som skuleeigar sikre at dette blir kjend for dei som er til stades i eksamenslokalet.

Kravet til internkontroll

Fylkeskommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lover og forskrifter blir følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i leiinga og styringa til fylkeskommunen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold, jf. kommunelova § 25-1 andre ledd.

Fylkesdirektøren har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegerere oppgåver knytt til internkontrollen. Fylkesdirektøren er likevel ansvarleg og må følgje opp at oppgåvene blir varetatt.

Fylkeskommunen skal gjennomføre risikovurderingar for å tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Kravet til innhaldet i internkontrollen som går fram av § 25-1 tredje ledd bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre ledd.

Fylkeskommunen skal skildre hovudoppgåver, mål og organisering, og gi oversikt over korleis dei har fordelt oppgåver og mynde. Ut frå risikoen skal fylkeskommunen vurdere kva for rutinar og prosedyrar som er nødvendige, og i kva grad dei skal vere skriftlege. Fylkeskommunen skal gjere rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å vite om dei. Fylkeskommunen må jamleg skaffe seg oversikt over område med risiko for avvik og setje inn tiltak for å førebyggje og hindre regelverksbrot. Fylkeskommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva område dei skal følgje med på, og korleis dei skal hente inn informasjon eller bli informert av skulane.

Fylkeskommunen må handtere avvik på ein måte som sørger for at regelverksbrot både blir rapportert og følgt opp. Fylkeskommunen skal dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjere ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Fylkeskommunen skal halde seg jamleg orientert om tilstanden i skulane, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøkjer vi om internkontrollen i fylkeskommunen er tilpassa for å kunne førebyggje og hindre regelverksbrot etter kommunelova § 25-1, og korleis leiinga følgjer opp og kontrollerer arbeidet med eksamen. Fylkeskommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Sikrar fylkeskommunen at skulen, i rett tid, melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i dei faga som blir avslutta med eksamen?

Våre observasjonar

I reglement for vidaredelegering etter forskrift til opplæringslova er ansvaret etter § 3-23 tredje ledd for å trekke elevar til alle eksamenar delegert til rektor.

Fylkeskommunen har eit digitalt kvalitetssystem, *E-handboka*, der rutinar og retningslinjer er samla for ulike fagområde. Her ligg òg administrativt delegeringsreglement, system for kvalitetsstyring med avviksmodul og ein eigen modul for ROS-analysar. Fylkeskommunen opplyser at alle tilsette i Vestland fylkeskommune har tilgang til kvalitetssystemet.

Fylkeskommunen opplyser at dei planlegg å gjennomføre ROS-analysar i samband med digital eksamensgjennomføring minst ein gong i året for å kartlegge risikofaktorar i samband med eksamensavviklinga. Vi har fått tilsendt ROS-vurderinga fylkeskommunen gjennomførte etter eksamensgjennomføringa våren 2023.

I ROS-vurderinga har fylkeskommunen kartlagt risikofaktorar i forkant av og under gjennomføringa av digital eksamen. Fylkeskommunen har mellom anna avdekkja ein risiko for at kandidatar ikkje er påmeldt eller er påmeldt til feil eksamen, at trekk til eksamen går feil eller påmelding innan fristen feilar, og at elevar ikkje kjem med på lista for eksamen.

Fylkeskommunen har identifisert hendingar med lav, middels, høg og svært høg risiko. Vidare er det peika på tiltak som skal gjennomførast for å redusere risikoen. Desse skal gjennomførast i forkant av eksamen våren 2024. Ved gjennomføring av tiltak har fylkeskommunen komme til at risikoen blir redusert, slik at ingen av risikofaktorane er vurdert å ha høg risiko.

Det er presisert i ROS-vurderinga kven som har ansvar for å følgje opp kvart enkelt tiltak. Fylkeskommunen stadfestar at dei følgjer opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga. Dei presiserer at dei har brukt organisasjonsstrukturen ved fordelinga av ansvaret, og at dei konkrete oppgåvane med tiltaka i nokon tilfelle er delegert vidare.

Fylkeskommunen har laga ei rutine for planlegging, gjennomføring av eksamen og dokumentasjon. Denne er godkjent av seksjonsleiar for inntak, forvaltning og sluttvurdering 28. november 2023. Her er det mellom anna gitt fristar for å sikre at skulane og skuleeigar kjem i mål med sine prosessar. Rutinane viser til at skulane skal sende eksamensparti for hausteksamen til PAS og fylket innan 1. oktober, og eksamenspartia for våreksamen innan 1.

mars.

Skulane gjer eksamenstrekk i Visma InSchool (VIS) ved hjelp av ei automatisert løysing. Fylkeskommunen sine rutinar for planlegging, gjennomføring av eksamen og dokumentasjon lenkar til VIS sine kurs for skuleeigar og skuleleiarar. I tilsynet har fylkeskommunen sendt inn dei relevante kapitla frå brukardokumentasjonen til VIS. Desse gjeld mellom anna innstillingar for eksamenstrekk, automatisk eksamenstrekk, manuell registrering av eksamensparti, kontroll av programområde og fagkombinasjon og publisering av trekk. Fylkeskommunen viser til at alle som arbeider med desse problemstillingane på skulane har tilgang til brukardokumentasjonen.

Den automatiserte løysinga i VIS publiserer eksamensparti automatisk basert på publiseringdatoen som er registrert på eksamenspartiet. Det går fram av brukardokumentasjonen korleis eksamensansvarlege skal gå fram for å legge inn dato og tidspunkt for publisering av eksamenstrekket. Fylkeskommunen sine rutinar presiserer at privatskulane som ikkje nyttar VIS, må registrere eksamensparti og sensorar ved å logge på ei forenkla løysing av VIS gjennom ID-porten. Etter dette må eksamenspartia sendast til fylket innan gjeldande fristar.

Fylkeskommunen har eit nettverk for sluttvurdering, dokumentasjon og klagehandsaming, der eksamensansvarlege på alle skular er med. Fylkeskommunen opplyser at òg privatskulane blir invitert til alle møte.

Nettverket vart etablert i samband med innføringa av VIS, for å sikre lik praksis i heile fylkeskommunen. Nettverket arbeider særleg med korleis systematisk bruk av VIS kan sikre at dei oppfyller krava i lov og forskrift. I møta er det lagt opp til at skulane skal bruke funksjonaliteten i VIS. Fylkeskommunen viser til at dei brukar nettverket aktivt for å sikre at elevar blir meldt til eksamen i dei faga dei skal til rett tid.

Vi har fått tilsendt årshjul og møteplanar for nettverket. I årshjulet står det at nettverket skal ha ein fullstendig gjennomgang av alt som har med eksamenstrekket å gjøre i januar og februar. Det er sett av fleire møte til gjennomgangen, kvart av dei med konkrete arbeidsoppgåver og tidfesta mål fram mot siste frist for oppmelding i PAS og oversending av eksamensparti til skuleeigar.

Eksamensnettverket har òg ei eiga gruppe på Teams. Fylkeskommunen viser til at dette er ein viktig arena for erfaringsutveksling mellom skulane.

I tillegg til den dialogen som skjer i eksamensnettverket, har fylkeskommunen eit eige telefonnummer der skulane kan ta kontakt direkte. Fylkeskommunen opplev at skulane tek kontakt her om store og små ting.

Fylkeskommunen viser til at dei følgjer skulane tett opp i samband med både førebuing og gjennomføring av eksamen. På denne måten ønskjer dei å legge til rette for ein kultur der det skal vere ufarleg å stille spørsmål og be om hjelp. Fylkeskommunen kontrollerer alle

registreringar frå skulane i det skuleadministrative systemet VIS og i PAS og sørger for at feil blir retta i tett samarbeid med skulen.

Fylkeskommunen meiner at samarbeidet med skulane er godt, og at avvik og feil i samband med eksamen blir meldt vidare. Dei har nyleg avdekkat at det likevel kan vere behov for meir systematisk registrering og dokumentasjon av avvik enn det dei har hatt til no. Dei vil difor lage eit eige avviksskjema i avvikshandteringssystemet, som er dedikert til avvik i samband med eksamen. Fylkeskommunen skal òg lage tydelege rutinar for korleis skulane skal bruke dette. Målet er at dette skal vere klart i god tid før skriftleg eksamen startar våren 2024.

Fylkeskommunen presiserer at dei er opptekne av at nye formelle rutinar ikkje skal gå ut over den gode og tette dialogen fylkeskommunen opplever å ha med skulane i dag. Rutinane for å sikre ei systematisk oversikt over avvik skal komme i tillegg til ein tett dialog med skulane.

Våre vurderingar

Fylkeskommunen har, på bakgrunn av grundige risikovurderingar, vurdert kva tiltak som er nødvendige for å sikre at skulen i rett tid melder til eksamen alle elevar som skal gjennomføre eksamen. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen har etablerte ordningar som sikrar ein tett dialog mellom administrasjonen og skulane, både i nettverket for eksamensansvarlege og i form av direkte kontakt mellom skulane og fagleiar for sluttvurdering. Vi legg på bakgrunn av dette til grunn at fylkeskommunen har hatt eit relevant og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag i arbeidet med ROS-vurderingar.

Ifølgje ROS-vurderinga medfører fylkeskommunen sine risikoreduserande tiltak at ein står att med relativt låg restrisiko for at skulane ikkje i rett tid melder opp alle elevar som skal gjennomføre eksamen. Vi har ingen innvendingar til fylkeskommunen si vurdering på dette punkt. Tiltaka er etter vår vurdering eigna til å sikre at skulen, i rett tid, melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i dei faga som blir avslutta med eksamen. I denne vurderinga legg vi òg vekt på at fylkeskommunen arbeider kontinuerleg med å tilpasse tiltaka i tråd med ny informasjon, lokale forhold og behov.

Fylkeskommunen har ei tydeleg fordeling av ansvar for tiltaka i ROS-vurderinga. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen følgjer opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga.

Fylkeskommunen har rutinar, framgangsmåtar og fristar for å sikre at skulane trekk elevar til eksamen i tråd med regelverket, at dei i rett tid melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i dei faga som blir avslutta med eksamen, og at skulane gir kandidatane melding om eksamen 48 timer på førehand. Rutinane, framgangsmåtane og fristane er tilgjengelege for alle som arbeider med desse problemstillingane på skulane.

I tillegg brukar fylkeskommunen eksamensnettverket til å rettleie og støtte skulane i å melde elevar til eksamen. På bakgrunn av årshjulet og informasjonen vi elles har fått om arbeidet i eksamensnettverket, finn vi at dette er ein arena der det blir arbeida planmessig med å gi informasjon og rettleiing til skulane. Vi finn at fylkeskommunen gjennom arbeidet i

eksamensnettverket sikrar at framgangsmåtane er kjende for skulane, og støttar skulane i den praktiske gjennomføringa av oppmeldinga av elevar til eksamen.

Eksamensnettverket er etter vår vurdering eigna til å skaffe fylkeskommunen informasjon om kva utfordringar skulane opplev når det gjeld oppmelding til eksamen. I tillegg finn vi at skulane har ein etablert praksis med å nytte direktelinja til administrasjonen i fylkeskommunen ved behov. Fylkeskommunen planlegg å gjere årlege risikovurderingar, der kunnskapen om praksis på skulane vil danne grunnlag for tiltak og vidare arbeid. Vi legg til grunn at fylkeskommunen, slik vi ser at det er gjort i ROS-vurderinga etter våreksamen 2023, vil nytte dette arbeidet til å følgje opp avvik og risiko for avvik. Vi finn på bakgrunn av dette at fylkeskommunen arbeider systematisk med å avdekke og følgje opp avvik og risiko for at elevane ikkje blir meldt til eksamen.

Kommunelova § 25-1 stiller ikkje krav om ein bestemt systematikk, at det blir brukt eit spesielt system eller at det blir brukt ikt-basert styrings- eller avvikssystem.¹ Vi finn det difor ikkje avgjerande at fylkeskommunen på tilsynstidspunktet ikkje brukar avvikshandteringssystemet sitt til å registrere og dokumentere avvik i samband med eksamensgjennomføringa. Vi merkar oss at fylkeskommunen har avdekkta eit behov for å bruke avvikshandteringssystemet til å registrere og dokumentere avvik i samband med eksamensgjennomføringa. Vi legg til grunn at fylkeskommunen arbeider for å få dette på plass i god tid før skriftleg eksamen våren 2024.

Fylkeskommunen må vidare dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Fylkeskommunen har skriftlege rutinar og instruksar for gjennomføring av oppmeldinga av elevar til eksamen. Vidare brukar dei automatiserte løysingar og tilhøyrande kurs som ligg tilgjengeleg i VIS. Fylkeskommunen har gjort skriftlege ROS-vurderingar. Desse omfattar òg ei skriftleggjering av korleis fylkeskommunen følgjer opp avvik og risiko for avvik. Med omsyn til dokumentasjon av avviksregistrering, viser vi til vår vurdering i førre avsnitt. Vi finn at fylkeskommunen dokumenterer internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Vår vurdering er at fylkeskommunen sin internkontroll for å sikre at skulen, i rett tid, melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i dei faga som blir avslutta med eksamen, er systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Konklusjon

Fylkeskommunen sikrar at skulen, i rett tid, melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i dei faga som blir avslutta med eksamen.

¹ Prop. 46 L (2017-2018) s. 412

Kontrollspørsmål: Sikrar fylkeskommunen at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelpemiddel?

Våre observasjonar

Fylkeskommunen har ei matrise for administrativ delegering på området for opplæring og kompetanse. Der forskrift til opplæringslova plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærmare spesifikasjoner med omsyn til instans eller organ, har fylkesdirektøren mynde til å opptre på vegne av fylkeskommunen. I reglement for vidaredelegering av mynde etter forskrift til opplæringslova, er ansvaret etter forskrifta § 3-23 tredje ledd for gjennomføringa av eksamen for elevar og privatistar delegert til rektor.

Fylkeskommunen har eit tilgangsstyringssystem som gjer det mogleg å lage ulike modi avhengig av kva ressursar brukaren skal ha tilgang til. Dette systemet har ein eksamensmodus. I eksamensmodus er internett i utgangspunktet stengt, men det er opna opp for url-ane som eksamensgjennomføringssystemet krev og for url-ane til nettressursane på den nasjonale og den lokale lista for lovlege digitale hjelpemiddel. Fylkeskommunen viser til at OPK samarbeider med IT-avdelinga for å oppdatere eksamensmodus med dei nødvendige url-ane, slik at alt skal fungere som det skal på eksamen. Dette blir gjort kvart semester.

Fylkeskommunen viser til at alle kandidatar som skal ha skriftleg eksamen blir henta frå VIS, og overført til IT-avdelinga. IT-avdelinga legg kandidatane i eigne grupper i AD-katalogen². Avdeling for opplæring og kompetanse (OPK) sørger for at dei ulike gruppene blir sett i eksamensmodus til rett tid. IT-avdelinga skal kvalitetssikre at eksamensmodus er sett i verk på rett måte for det rette talet kandidatar. Fylkeskommunen har sendt oss ei rutine for tilgangsstyring, der oppgåver blir fordelt mellom avdeling for opplæring og kompetanse (OPK), IKT Kjernedrift og IKT Systemdrift.

Fylkeskommunen har òg sendt oss ein nødplan for tilgangsstyring, som gjeld dersom det oppstår problem med å sette kandidatar i eksamensmodus. Planen skal sikre eksamensgjennomføring sjølv om tilgangsstyringa er utilgjengeleg.

Som vi skildra under første kontrollspørsmål, har fylkeskommunen eit eksamensnettverk der eksamensansvarlege på alle skular er med. Når det gjeld nettverket si rolle i arbeidet med eksamen, viser vi til våre observasjonar under første kontrollspørsmål. I tillegg har eksamensnettverket eit møte før kvar eksamsperiode, som er dedikert til å førebu den praktiske gjennomføringa av eksamen. Vi har fått tilsendt ein presentasjon frå dette møtet, og ser at møtet tek opp mellom anna reglar for hjelpemiddel, tilgangsstyring, eksamensgjennomføringssystemet og korleis ein skal handtere fusk.

Som vi viste til under første kontrollspørsmål, planlegg fylkeskommunen å gjennomføre årlege

² Katalogteneste for handtering av brukarar, brukarrettar og ressurskontroll

ROS-vurderingar i samband med digital eksamensgjennomføring. I ROS-vurderinga etter eksamensgjennomføringa våren 2023, har fylkeskommunen avdekkat ei rekke risikofaktorar knytt til kandidatane sin tilgang på nødvendige hjelpemiddel. Fylkeskommunen viser mellom anna til at det før eksamensgjennomføringa våren 2024 er ein svært høg risiko for at kandidatar ikkje får tilgang til ressursar under eksamen, eller får for mykje tilgangar, og at kandidatar fuskar og får fri tilgang til internett. Elles har fylkeskommunen peika på risikofaktorar knytt til mellom anna teknisk svikt, feil ved utstyr og tekniske løysingar, nettverksdeling og kunstig intelligens.

Fylkeskommunen har skildra tiltak for å redusere kvar enkelt av risikofaktorane. Desse skal gjennomførast i forkant av eksamen våren 2024. Ved gjennomføring av tiltak har fylkeskommunen komme til at risikoen blir redusert, slik at ingen av risikofaktorane er vurdert å ha høg risiko.

Det er presisert i ROS-vurderinga kven som har ansvar for å følgje opp kvart enkelt tiltak. Fylkeskommunen stadfestar at dei følger opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga. Dei presiserer at dei har brukt organisasjonsstrukturen ved fordelinga av ansvaret, og at dei konkrete oppgåvane med tiltaka i nokon tilfelle er delegert vidare.

Fylkeskommunen framhevar testeksamen som eit sentralt tiltak, der mange av dei andre tiltaka i ROS-vurderinga møtest. På testeksamen skal skulane teste utstyret og dei tekniske løysingane. I tillegg er eit sentralt føremål med tiltaket at kandidatane får teste ut hjelpemidla i eit eksamensmiljø, og å trygge kandidatane i den praktiske gjennomføringa av eksamen.

Alle skulane er pålagt å gjennomføre testeksamen. Fylkeskommunen viser til at dei ikkje kan setje gjennomføring av testeksamen som eit vilkår for at kandidatar får gjennomføre eksamen, men at dei pålegg skulane å legge til rette for at så mange som mogleg av kandidatane gjennomfører.

Fleire tiltak i fylkeskommunen si ROS-vurdering gjeld opplæring av vakter. Det er skulane som har ansvaret for å gjennomføre opplæringa. Fylkeskommunen bidreg i dette arbeidet ved å lage presentasjonar og informasjonsbrosjyrar som skulane kan ta utgangspunkt i og tilpasse til lokale forhold.

Eit av fylkeskommunen sine tiltak er å lage ei sjekkliste for kva som skal kontrollerast under eksamensgjennomføringa. Dei viser til føringar frå Utdanningsdirektoratet, og viser til at dei lagar rutinar i samband med desse. Vidare har fylkeskommunen sendt oss ein rettleiar for gjennomføring av skriftleg eksamen våren 2024, som er utarbeidd i samarbeid med KS. Fylkeskommunen viser til at dei vil bruke kapittel 10, om praktisk gjennomføring av eksamen, som ei sjekkliste for eksamensvaktene.

I rettleiaren for gjennomføring av skriftleg eksamen våren 2024 er det òg vist til at skulane bør gjennomføre stikkprøvar for å avdekke juks og forsøk på juks. Fylkeskommunen viser til at dei skal lage instruksar til eksamensvakter og andre ansvarlege i eksamenslokalet i tråd med dette. Fylkeskommunen presiserer at ein av problemstillingane i dette arbeidet har vore kor langt ein

kan gå for å avdekke juks i form av stikkprøvar. Dei viser til at dei ikkje kan gå gjennom harddisken til kandidatane. Fylkeskommunen vel likevel å bruke stikkprøvar som eit tiltak, i hovudsak grunna den førebyggande effekten det kan ha.

Vidare viser fylkeskommunen til at det varierer frå skule til skule kva vakter ein kan rekruttere. Dei understrekar at vaktene i eksamenslokalet skal ha ulike roller, og at auka vakthald òg handlar om å ha vakter med den nødvendige kompetansen. Fylkeskommunen har opna for at ein kan gi auka betaling til vakter som har digital kompetanse, for å sikre at dei får tak i nok vakter med denne kompetansen.

Våre vurderingar

Fylkeskommunen har, på bakgrunn av grundige risikovurderingar, vurdert kva tiltak som er nødvendige for å sikre at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelpemiddel og ikkje får tilgang til ulovlege hjelpemiddel. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen har etablerte ordningar som sikrar ein tett dialog mellom administrasjonen og skulane, både i nettverket for eksamensansvarlege og i form av direkte kontakt mellom skulane og fagleiar for sluttvurdering. Dette sikrar etter vår vurdering fylkeskommunen får relevant informasjon om eksamensgjennomføringa. Vi legg på bakgrunn av dette til grunn at fylkeskommunen har hatt eit relevant og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag i arbeidet med ROS-vurderinga.

Ifølgje ROS-vurderinga medfører fylkeskommunen sine tiltak at ein reduserer risikoen for at kandidatane ikkje får tilgang til nødvendige hjelpemiddel, eller får tilgang til ulovlege hjelpemiddel. I nokon tilfelle er restriskoen avhengig av kva erfaringar fylkeskommunen gjer seg under testeksamen. Vi finn at fylkeskommunen arbeider kontinuerleg med å tilpasse tiltaka ut frå desse erfaringane. Vi har elles ingen innvendingar til fylkeskommunen si vurdering av at tiltaka reduserer risikoen. Tiltaka er etter vår vurdering eigna til å sikre at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelpemiddel, og ikkje får tilgang til ulovlege hjelpemiddel.

Fylkeskommunen har ei tydeleg fordeling av ansvar for tiltaka i ROS-vurderinga. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen følgjer opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga. Vi finn det òg sannsynleggjort at fylkeskommunen støttar og følgjer opp skulane sitt arbeid med tiltak som dei har fått delegert, til dømes arbeidet med opplæring av eksamensvakter.

Fylkeskommunen har rutinar, instruksar og framgangsmåtar for å sikre at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelpemiddel og ikkje får tilgang til ulovlege hjelpemiddel. Fylkeskommunen si rutine for tilgangsstyring viser korleis fylkeskommunen sin plan for å sørge for at kandidatane har tilgang til rett hjelpemiddel til rett tid. OPK er involvert i arbeidet med å gjere rett hjelpemiddel tilgjengeleg for kandidatane. Rutinen har ei tydeleg fordeling av oppgåver mellom OPK, IKT Kjernedrift og IKT Systemdrift. Fylkeskommunen har vidare ein nødplan for tilgangsstyring, som legg opp å manuelt sperre tilgangen til ope internett, dersom tilgangsstyringa er utilgjengeleg.

Vidare held fylkeskommunen fram arbeidet med å tilpasse instruksar til eksamensvaktene i tråd

med lokale behov og erfaringar fram mot eksamen våren 2024.

Fylkeskommunen viser til at eksamensnettverket har ei viktig rolle i førebuinga av eksamen. Vi finn at fylkeskommunen gjennom arbeidet i eksamensnettverket sikrar at framgangsmåtane er kjende for skulane, og støttar skulane i førebuingane av den praktiske gjennomføringa av eksamen. Vidare finn vi at direktelinja mellom skulane og administrasjonen er eigna til å støtte skulane dersom det oppstår problem knytt til hjelphemiddel undervegs i eksamengjennomføringa.

Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen har ein etablert tett dialog med skulane, som er eigna til å skaffe fylkeskommunen informasjon om kva utfordringar skulane opplev knytt til hjelphemiddel under eksamen. Fylkeskommunen planlegg å gjere årlege risikovurderingar, der kunnskapen om praksis på skulane vil danne grunnlag for tiltak og vidare arbeid. Vi legg til grunn at fylkeskommunen, slik vi ser at det er gjort i ROS-vurderinga etter våreksamen 2023, vil nytte dette arbeidet til å følgje opp avvik og risiko for avvik. Vi finn på bakgrunn av dette at fylkeskommunen arbeider systematisk med å avdekke og følgje opp avvik og risiko for at kandidatane ikkje får tilgang til nødvendige hjelphemiddel, eller får tilgang til ulovlege hjelphemiddel.

Som vi viste til under kontrollspørsmål 1, er det ikkje eit krav om ein bestemt systematikk knytt til handtering av avvik. Vi finn det difor ikkje avgjerande at fylkeskommunen på tilsynstidspunktet ikkje brukar avvikssystemet sitt til å registrere og dokumentere avvik i samband med eksamengjennomføringa.

Fylkeskommunen må vidare dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Fylkeskommunen har skriftlege rutinar og instruksar for arbeidet med å sikre kandidatane tilgang til nødvendige hjelphemiddel. Vidare har fylkeskommunen gjort skriftlege ROS-vurderingar. Desse omfattar òg ei skriftleggjering av korleis fylkeskommunen følgjer opp avvik og risiko for avvik. Vi finn at fylkeskommunen dokumenterer internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Vår vurdering er at fylkeskommunen sin internkontroll for å sikre at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelphemiddel er systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Konklusjon

Fylkeskommunen sikrar at kandidatane får tilgang til nødvendige hjelphemiddel.

Kontrollspørsmål: Sikrar fylkeskommunen at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen?

Våre observasjonar

Som vi viste til under observasjonar i førre kontrollspørsmål, er ansvaret etter forskrift til opplæringslova § 3-23 tredje ledd for gjennomføringa av eksamen for elevar og privatistar delegert til rektor.

Fylkeskommunen har eit eksamensnettverk der eksamensansvarlege på alle skular er med. Vi viser til våre tidlegare observasjonar som gjeld eksamensnettvernet.

Fylkeskommunen viser til at eksamensnettverket har ei særleg viktig rolle i førebuingane til eksamen, medan dei først og fremst brukar andre kanalar for å handtere ting som oppstår under gjennomføringa av eksamen. Dei viser særleg til eit direktenummer til fylkeskommunen og chatgrupper for dei ulike rollene i eksamenslokalet, som skal sikre beredskap og informasjonsflyt under eksamensgjennomføringa.

Vi har fått tilsendt presentasjonar frå møte i eksamensnettverket, møte med IKT-konsulentar og vaktkurs. Vi ser at beredskap, problemløysing og kontaktinformasjon er tema på alle desse møta.

Det er skulane som har ansvar for å gjennomføre vaktkurs for å lære opp eksamensvakter. Fylkeskommunen støttar skulane i dette arbeidet ved å lage presentasjonar og brosjyrar som skulane kan ta utgangspunkt i, og tilpasse til lokale forhold.

Fylkeskommunen opplyser at dei lagar nye og tilpassa instruksar til eksamensvakter og andre ansvarlege i eksamenslokalet i forkant av våreksamen 2024.

Som vi viste til under første og andre kontrollspørsmål, planlegg fylkeskommunen å gjere årlege ROS-vurderingar i samband med digital eksamensgjennomføring. I ROS-vurderinga etter eksamensgjennomføringa våren 2023, har fylkeskommunen avdekkat ei rekke risikofaktorar knytt til om kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen. Fylkeskommunen viser mellom anna til at det før eksamensgjennomføringa våren 2024 er ein høg risiko for at elevar gjer feil i gjennomføringa av eksamen som følgje av feilinformasjon frå vakter. Vidare har fylkeskommunen peika på risikofaktorar knytt til mellom anna straum- eller nettverksbrot, svikt ved utstyr eller tekniske løysingar og overbelasting av eksamenstenesta. Fylkeskommunen viser òg til ein risiko for at fråvær av nøkkelpersonar kan gi utfordringar med problemløysing under eksamen.

Fylkeskommunen har skildra tiltak for å redusere kvar enkelt av risikofaktorane. Desse skal gjennomførast i forkant av eksamen våren 2024. Ved gjennomføring av tiltak har fylkeskommunen komme til at risikoen blir redusert, slik at ingen av risikofaktorane er vurdert å ha høg risiko. Fylkeskommunen viser til at risikoen for straum- og nettverksbrot må aksepteras, men har skildra tiltak for å redusere konsekvensen dersom dette skulle skje.

Det er presisert i ROS-vurderinga kven som har ansvar for å følgje opp kvart enkelt tiltak. Fylkeskommunen stadfestar at dei følgjer opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga. Dei presiserer at dei har brukt organisasjonsstrukturen ved fordelinga av ansvaret, og at dei konkrete oppgåvane med tiltaka i nokon tilfelle er delegert vidare.

Fylkeskommunen viser til at sentrale tiltak for å sikre at elevane får nødvendige tilpassingar på eksamensdagen er å sikre bemanning og gi instruksar til eksamensvaktene. Sjekklista for gjennomføringa av eksamen presiserer korleis ein skal handtere feil ved gjennomføringssystem, nettverk eller nettressursar. Vi viser elles til omtalen av desse tiltaka under førre kontrollspørsmål.

I ROS-vurderinga viser fylkeskommunen til at dei skal spreie pålogginga i tid for å redusere risikoen for overbelastning av eksamenstenesta. På spørsmål om korleis dei har følgt opp dette tiltaket, viser fylkeskommunen til at det i hovudsak dreier seg om forventningsstyring. Dei arbeider for å trygge elevane, både gjennom testekamen og i kommunikasjonen med elevane på eksamensdagen, i at dei får ekstra tid dersom noko oppstår. Fylkeskommunen viser òg til at dei har samtalar med Novari IKS om dette.

Vidare vil fylkeskommunen sine instruksar til eksamensvaktene presisere at kandidatane skal få informasjon om at dei får ekstra tid i ulike situasjonar.

Våre vurderingar

Fylkeskommunen har, på bakgrunn av grundige risikovurderingar, vurdert kva tiltak som er nødvendige for å sikre at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen har etablerte ordningar som sikrar ein tett dialog mellom administrasjonen og skulane, og at fylkeskommunen får relevant informasjon om eksamensgjennomføringa. Vi legg på bakgrunn av dette til grunn at fylkeskommunen har hatt eit relevant og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag i arbeidet med ROS-vurderinga.

Ifølge ROS-vurderinga medfører fylkeskommunen sine tiltak at ein reduserer risikoen for at kandidatane ikkje får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen. Vi har ingen innvendingar til fylkeskommunen si vurdering på dette punkt. Tiltaka er etter vår vurdering eigna til å sikre at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen.

Fylkeskommunen har ei tydeleg fordeling av ansvar for tiltaka i ROS-vurderinga. Vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen følgjer opp tiltaka i tråd med denne ansvarsfordelinga. Vi finn det òg sannsynleggjort at fylkeskommunen støttar og følgjer opp skulane sitt arbeid med tiltak som dei har fått delegert, til dømes arbeidet med opplæring av eksamensvakter.

På tilsynstidspunktet har fylkeskommunen etablerte kanalar mellom eksamensansvarlege på skulane, som sikrar beredskap under eksamensgjennomføringa. I tillegg arbeider

fylkeskommunen vidare inn mot eksamen våren 2024 med å tilpasse instruksane til vaktene i eksamenslokalet. Dette sikrar etter vår vurdering at skulane har ein plan for uføresette hendingar, og at eksamensvaktene og andre ansvarlege i eksamenslokalet veit kva dei skal gjere dersom ei uføresett hending oppstår. Vi finn at fylkeskommunen ved å legge til rette for og følgje opp skulane sitt arbeid med opplæring av vakter, sikrar at framgangsmåtane er kjende for skulane og dei ansvarlege i eksamenslokalet. Vi finn òg at fylkeskommunen har sett inn nødvendige tiltak for å sikre tilstrekkeleg bemanning i eksamenslokalet, og at bemanninga har den nødvendige kompetansen.

Vi har tidlegare vist til at vi finn det sannsynleggjort at fylkeskommunen har etablerte ordningar som sikrar ein tett dialog mellom administrasjonen og skulane, og at fylkeskommunen får relevant informasjon om korleis eksamen blir gjennomført i praksis. Fylkeskommunen planlegg å gjere årlege risikovurderinger, der kunnskapen om praksis på skulane vil danne grunnlag for tiltak og vidare arbeid. Vi legg til grunn at fylkeskommunen, slik vi ser at det er gjort i ROS-vurderinga etter våreksamen 2023, vil nytte dette arbeidet til å følge opp avvik og risiko for avvik. Vi finn på bakgrunn av dette at fylkeskommunen arbeider systematisk med å avdekke og følge opp avvik og risiko for at kandidatane ikkje får nødvendige tilpassingar under eksamen.

Som vi viste til under kontrollspørsmål 1, er det ikkje eit krav om ein bestemt systematikk knytt til handtering av avvik. Vi finn det difor ikkje avgjerande at fylkeskommunen på tilsynstidspunktet ikkje brukar avvikssystemet sitt til å registrere og dokumentere avvik i samband med eksamengjennomføringa.

Fylkeskommunen må vidare dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Fylkeskommunen har skriftlege instruksar for arbeidet med å sikre at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen. Vidare har fylkeskommunen gjort skriftlege ROS-vurderinger. Dette omfattar òg ei skriftleggjering av korleis fylkeskommunen følgjer opp avvik og risiko for avvik. Vi finn at fylkeskommunen dokumenterer internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Vår samla vurdering er at fylkeskommunen sin internkontroll for å sikre at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen er systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Konklusjon

Fylkeskommunen sikrar at kandidatane får nødvendige tilpassingar under gjennomføringa av eksamen på eksamensdagen.

5 Vi avsluttar tilsynet

I tilsynet har vi funne at fylkeskommunen oppfyller krava i regelverket. Våre vurderingar og konklusjonar bygger på den informasjonen vi har fått frå fylkeskommunen, og tek berre utgangspunkt i status på tidspunktet for publiseringa av denne tilsynsrapporten.

Vi vil ikkje gjere vedtak med pålegg om retting, og tilsynet er med dette avslutta.

De kan likevel uttale dykk om rapporten, både skildringa vår av fakta, forståinga vår av regelverket, vurderingane våre og konklusjonane våre. Viss de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngi kvifor. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten etter ein eventuell uttale frå dykk.

Fristen for tilbakemelding er 16. april 2024.

Ane Øvregard Røhme
tilsynsleiar

Anne Tandberg
seniorrådgjevar